

# Seterbrukaren

SKRIFT FRÅ NORSK SETERKULTUR  
NR. 4 – DESEMBER 2004 – 7. ÅRGANG



Seterliv som fellesprosjekt for elevane ved Voll skole i Rennebu.

## Seterdrifta nede på "grunnfjellet"

## Urovekkande tilbakegang!

viser statistikken frå Statens landbruksforvaltning SLF). Dei foreløpige tala frå SLF konkluderer med 984 "heile setre" (dvs. setereiningar) i 2004, mot 1487 i 2003. Her er det viktig å ta med at Hedmark og Hordaland fell utanfor, da tilskotet til setring i desse fylka er overført til dei regionale miljøprogramma alt i år. Desse fylka hadde 281 og 54 setre i drift i 2003.

Dei øvrige fylka som er med i SLF sin statistikk hadde 1152 setre i drift sommaren 2003, mot 984 sist sommar – ein nedgang på over 14 prosent. I fylka utanom Hedmark og Hordaland, som har gjennomført prøveordning med regionalisering m.a. av tilskot til setring, var det 814 enkeltsetre i drift. Medrekna fellessetrene var 1562 bruk i desse fylka involvert i seterdrift. I 2003 var det 941 bruk som dreiv "sæterdrift alene" i dei fylka SLF har med, mot 814 sist sommar – ein nedgang på vel 13 prosent.

Tala for prøvefylkja Hedmark og Hordaland vil liggje føre ved årssiftet. – Dei regionale miljøprogramma signaliserer eit lite løft for seterdrifta, med vesentleg auke i tilskotet. Det store spørsmålet er om andre vermekiddel virkar same vegen – og om rammevilkåra totalt sett blir gode nok for ei framtid for seterdrifta?

## Kjempegodt nøgde med Grønt Spatak 2004

Det årvisse samarbeidsprosjektet Grønt Spa'tak vart i sommar arrangert for 12. gong. Med rekordhøgt deltagarkartal, mange presseoppslag og gode tilbakemeldingar har årets utgåve av prosjektet vore ein suksess. – Vi er kjempegodt nøgde med sommarens Grønt Spa'tak, og vi håper på å byggje vidare på erfaringane frå i år og gjere neste års prosjekt endå større og betre, seier Andreas Kokkvoll Tveit i Natur og Ungdom.

## Neste Seterbrukaren

kjem i mars, med frist for stoff 15. februar. Spaltene i Seterbrukaren er opne for alt av interesse for seterbrukarar og andre seterinteresserte. Bruk bladet! NSK har ikkje ressursar til å drive mykje "oppørkjande journalistikk", difor treng vi aktive lesarar som skriv, fotografar, tipsar om slikt som skjer rundt om i seterlandet, sender klipp frå aviser og blad m.m. Både historisk stoff og omtale av tiltak som peikar mot ei framtid for seterdrifta skal fylle sidene våre.

## Fotokonkurransen

Det er sikkert einkvan som etterlyser den fotokonkurransen vi tillyste i juniutgåva. Nokon "storm" av foto har det ikkje vore, så vi må ta det over noko tid. Men vi lovar både ein fagleg jury og, ikkje minst, fin premiering. Difor går oppmodinga ut igjen, finn fram dei gode, fine, spesielle, utrulege ... seterbileta frå siste sommaren – eller frå setersomrar før!

## Medlemspengane

Betal medlemspengane innan 15.1.05 – og vinn bok!

Det vart vedteke på styremøtet i oktober at giroen for medlemspengar/abonnement skal ut med Seterbrukaren nr. 4. Forfall er sett til 15. januar. Dei som betaler innan fristen er med på trekkinga av ein fin bokpremie!

## Styret:

Jostein Sande, leiar  
6214 Norddal.  
Tlf 70259108. jossande@online.no

Kjersti Reksen Sole, nestleiar  
2685 Garmo Tlf. 61 21 25 50  
kjersti.sole@skjaak.kommune.no

Sissel Dahle Lie, Skrenten, Øystre Slidre.  
2950 Skammeistein  
Tlf. 61 34 12 45

Odd Arne Espeland, Jondal  
5627 Jondal  
Tlf. 53 66 84 80 Faks 53 66 82 55

Gjermund Stormoen.  
TINE BA. Tlf 22938800.  
gjermund.stormoen@tine.no

## Utgjevar:

**Norsk Seterkultur, 6214 Norddal**

telefon 70 25 91 77  
telefaks 70 25 91 57  
E-post: [seterkultur.no](mailto:seterkultur.no)  
[www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)  
Bankgiro: 2367 20 51169  
Redaktør: Jostein Sande  
Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS  
Trykk: NordvestTrykk

**Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.**

## Framsidefoto:

Voll skole, Rennebu.

## Det nyttar!

Auka tilskot til seterdrift har vore eit sentralt forslag frå Norsk seterkultur. No kan vi slå fast at dei regionale miljøprogramma byr på auka tilskot til denne driftsforma, og vi er ubeskjedne nok til å seie at NSK sin "oppfaldande strid" for dette har vore viktig! Men heldigvis har ikkje organisasjonen vore åleine, andre organisasjoner og institusjonar, politikarar, prosjekt og forskingsmiljø har stått på i same lei. Hedmark og Hordaland var prøvefylke for regionaliseringa i år, og i båe fylka vart setertilskotet vesentleg auka. Dei øvrige fylka har no fått på plass sine program, som altså skal gjelde frå neste setersesong.

Å auke tilskotet er sjølsagt ikkje nok for å sikre at vi også i framtida skal ha livskraftig seterdrift, men ein viktig stimulans og eit konkret signal er det! Statistikken frå Statens landbruksforvaltning – for dei fylka som også i år hadde nasjonalt tilskot - viser at attendegangen for seterdrifta held fram. Tala for prøvefylka Hedmark og Hordaland er ikkje klare, så vi kan ikkje seie om auka tilskot har gjeve utslag. I desse fylka skal elles ordninga evaluerast, og det er sjølsagt viktig at seterdrifta sine interessar blir fremma også i denne prosessen. NSK vil naturlegvis arbeide vidare med dette, men det er også nødvendig at seterbrukarar og andre seterinteresserte i fylka engasjerer seg gjennom t.d. faglaga sine kanalar.

I desse dagar pågår det også prosessar i fylka med utforming av regionale BU-strategiar. Som nemnt før har NSK peika på at t.d. "inngangsbilletten" til BU-finansiering av seterfjøs blir lagt på eit realistisk og gjennomførbart nivå, t.d. 100.000 kroner. Utgangspunktet i fleire fylke har vore over 200.000 for å koma i kategorien "høgst prioritet". Det er opplagt behov for investeringar i seterfjøs, men i og med at det er fjøs nr. 2 på garden, kan ikkje lista leggjast så høgt! Det er såleis viktig at prioriteringane blir utforma slik at seterdrifta kan få eit "løft" også i høve til nødvendige investeringar i driftsbygg.

– Når alle fylke prioriterer seterdrifta i dei regionale miljøprogramma gjennom auka årleg tilskot, så er det viktig at også øvrige verkekallelle går i same retning, og dermed bidreg til motivasjon og tiltakslyst blant seterbrukarane. Skal dei som driv setring makte nødvendige utbetringer av fjøs og evt. bygningar for tilleggsnæringer, trengst det rimeleg offentleg finansiering.

Aukni tilskot til setring viser at det nyttar. Gjennom mange år har "gode krefter" lukkast med å byggje alliansar som har greidd å synleggjera dei viktige fellesverdiane seterdrifta representerer. Men skal tilskotet til seterdrift bli meir enn litt "pynt" på fagre ord, må det følgjast opp med generelle rammevilkår og verkekallelle som kan utløyse det store potensialet for auka verdiskaping som ligg i seterdrifta.

Jostein

## Bli med i Norsk seterkultur!

Denne utgåva av Seterbrukaren går til mange fleire enn medlemene. Målet er sjølsagt å nå fleire med informasjon om seterdrifta generelt, men også om organisasjonen Norsk seterkultur (NSK). Som interesse- og nettverksorganisasjon har NSK vore i sving sidan 20. mars 1999. Synlege resultatet av arbeidet til NSK er bladet Seterbrukaren som er i sin 7. årgang og nettstaden [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no), den siste med m.a. marknadslass for jobbformidling, marknadsføring av seterprodukt og nyhende. Vidare er alliansebygging, påverknad av politiske prosessar, økonomiske og politiske rammevilkår, tilskiping av seminar og konferansar, rådgjeving og deltaking i lokale prosjekt og arbeid overfor media høgt prioriterte oppgåver. Organisasjonen lever i hovudsak av medlemspengane og det meste av arbeidet skjer som friviljug innsats. Såleis får ein mykje ut av kvar krone, men det set også grenser for kor mykje ein kan få utretta. Vi får mange tilbakemeldingar om at NSK blir teke på alvor, at arbeidet gir resultat – og at innsatsen blir sett pris på. Men utfordringane framover er store – både for seterdrifta og seterkulturen i alt sitt mangfold – og for organisasjonen NSK. Difor må vi bli fleire på laget; fleire medlemmar gir eit betre økonomisk grunnlag for drifta og samstundes større gjennomslagskraft i det offentlege ordskiftet. Såleis seier vi berre – velkommen med i Norsk seterkultur!

Helsing styret

## Hei alle medlemmar!

Valkomiteen vil svært gjerne ha forslag på medlemmar til styret, vara og valkomite. Fristen er 15.1.2005.

Helsing valkomiteen

Ragnhild Grendal, leiar, 7393 Rennebu, tlf. 72426270, Reidun Skånsar, 2686 Lom, tlf. 61211135 og Pål Aukrust, 2550 Os i Østerdalen, tlf. 62497051

# "Seterliv" som fellesprosjekt for elevane

AV HEIDI REITÅS SÆTHER

På Voll skole i Rennebu har vi etterkvert fått ein god tradisjon med å starte skuleåret med eit felles prosjekt for alle elevane på skulen, helst med forankring i lokalmiljøet. Emnet dette året kalla vi "Seterliv". Idéen var for så vidt ikkje så ny. I 2002 var det "Fjellenes år". Også då starta skuleåret vårt opp med ei felles satsing med dette som utgangspunkt. Då var seterliv berre med som eit delemne innanfor fjellkulturen. Ungane fekk eit lite innblikk i alt det seterkulturen kunne by på, og vi såg snart at innanfor dette området kunne vi finne mykje spennande stoff å bruke i skulekvardagen å ungane. Det ville vi gjere no i år.

## SETERBRUKARANE OPNA DØRENE

Allereie tidleg på sommaren fekk 24 seterbrukarar i vår skulekrets brev frå oss om dei kunne tenkje seg eit besøk frå ei gruppe elevar så snart skulen starta opp att. Vi spurte både på store felles-setrer og mindre setrer. Vi tykte det var viktig å vise mangfaldet og kor ulike setrene kan vere. Nokre av setrene brukar framleis dei gamle, solbrente husa med så lite modernisering som mogleg, medan andre har moderne fjøs med effektive mjølkegraver og automatikk som lettar arbeidet. Heldigvis har vi mange setrer å ta av i bygda vår, for sjølv om bøndene gjerne ville ta i mot oss, så var det ikkje nødvendigvis greitt lell. Ein del hadde flytta heim frå setra tett før skulen starta opp att, medan andre hadde kyr som skulle kalve tidleg på hausten og derfor ikkje mjølka lenger. Men ni av setrene opna fjøsdøra si for oss, og 69 ungar fann fram fjøskleda og drog til seters.

## SPENNANE OPPLEVELSAR

Vi skulle få vere med på kveldsstellet og alt som må gjerast då. Kyrne måtte sjølv sagt hentast inn. Nokre prøvde seg med kulokk for å få kyrne til å kome. På felles-setrene sto kyrne i "kø" og venta på tur, medan på dei minste setrene fekk alle inn på ein gong. Dei ulike setrene hadde ulik merking på kyrne, bl.a. på kor mykje kraftfor dei skulle ha. Det var spennande å finne ut av. Alle setrene hadde sjølv sagt mjølkemaskin, men kyrne måtte "mjølkast tu" for å sette i gang utdrivinga. Mange gilde ungar torde prøve seg på det. Det vart både mjølking direkte i munnen og til å sprute på kvarandre - tålmodige dyr var det i alle fall. Opplevingane var mange og ulike. Separatoren var ei ny erfaring for mange. Det er ikkje lært på ein gong å sveive akkurat passe fort for å skilje fløyte og mjølk. Etter fjøsstellet måtte fjørskrutarane svare på spørsmål dei eldste



Artig å mjølke.

elevane hadde førebudd på skulen. Dei lurte på alt frå kunamn til måla på fjøset og kor lenge dei brukte å vere på setra.

## SETERBOK I ALLE FAG

Vel attende på skulen henta elevane fram att det dei hadde sett, hørt, notert og opplevd til bruk i skulearbeidet. Elevane på 5. - 7. trinn brukte ikkje dei ordinære lærebøkene så mykje i dette prosjektet. Dei hadde i staden kvar si seterbok som dei brukte i alle fag - matematikk med rekning av bl.a. mjøkeliter og beiteareal, engelske glosor for "farm animals", plantelære i natur- og miljøfag og mykje aktuelt stoff for norskfaget. Song og dans frå gammal bygdekultur vart også naturleg å ta med. Dei fekk også bruke presentasjonsverktøy på datamaskina for å vise noko av det dei hadde arbeidd med. 1. - 4. trinn kom mellom anna inn på sporet av eventyr og forteljartradisjonen. Dei måla fargerike bilde og forma trollfigurar. Dei song etterkvert Per Spelmann så godt at vi vaksne nok ikkje hadde klart å følgje dei.

## Bygdekvinnelaget

er alltid så greie å be om hjelp. Dei kom på skulen ein dag seinare for å vise kva ein kan lage av mjølka. Det vart koka to typar ost som treng lagring før dei er ferdige. Det vart også smaksprøver både på kjelost (kalve-

dans) og mælsgrot. Bygdekvinne var også med som viktige støttespelarar når ungane skulle prøve å lære seg strikkekunsten.

## SETERVELD PÅ SKULEN

Prosjektet vart avslutta med ein seterkveld på skulen der elevane viste fram kva dei hadde arbeidd med i starten av skuleåret, både gjennom utstillingar og framføringar frå scena. Ein fin PowerPoint-presentasjon med tekst og bilder frå prosjektet vart også vist på "storskjerm". Seterbrukarane, bygdekvinne, slekt og vener var inviterte. Det var fullt hus på skulen den kvelden, og ungane fekk mykje skryt for det dei hadde gjort. Det kom til og med ein av Fylkesmannen sine menn med lovord om at vi hadde gjort godt arbeid.

Vi vil nytte dette høvet til å takke Kirsten og Endre Øverland, Jorid og Knut O. Roggjerd, Margit og Olav Uv, Maren og Ivar T. Hoel, Monica og Lars Magne Gunnes, Ragnhild og Martin Grendal, brukarane på Nordeng fellesseter, på Eian felleseter og Lauvåsen fellesseter for at dei tok i mot oss på ein overlag god måte ein ettermiddag i august. Mange av ungane gjorde nye og nyttige erfaringar gjennom besøket. Det må seiast å vere positivt både for dei sjølve og for seterkulturen.

## **Interregprosjektet**

# **"Grenseløs seter – Fäbodriket i Nordens Grønne Belte" i gang**

*AV JOHAN SANDBERG*

Tidligere i år ble søknaden om å starte prosjektet Grenseløs seter – Fäbodriket i Nordens Grønne Belte innvilget som Interreg-prosjekt. Bak prosjektet står Fylkesmannens

landbruksavdelinger i trøndelagsfylkene og Lantbrukarnas Riksforbund (LRF) i Jämtland. Prosjektet har som målsetting å formidle og levendegjøre verdiene i seterbruket og ivareta og spre disse kultur- og naturver-

diene. Som et ledd i dette vil en blant annet skape nettverk og bygge opp kompetanse og spre erfaringer mellom seterbrukere i de to trøndelagsfylkene og Jämtlands län. Prosjektet vil vare ut 2006.



### **STYRINGSGRUPPA**

har representanter fra både Sør- og Nord-Trøndelag og Jämtland. Første møte i styringsgruppa ble holdt på Sandåsvallen i Tänndalen i Funäsdalen tidligere i høst. På bildet er hele styringsgruppa samlet. Foran fra venstre er: Anna Svensson, seterbruker fra Klövsjö, Magnhild Melandsø, Fylkesmannen i Sør-Trøndelag - Avdeling for landbruk og bygdeutvikling, Johan Sandberg, prosjektleder i Sør-Trøndelag, Sven Erik Hammar, styreleder, LRF – Jämtland. Sittende bak fra venstre: Ola Rörborn, Mer Vård Mat-prosjektet - LRF Jämtland, Erik Stenvik, prosjektleder i Nord-Trøndelag, Elin Rønning, seterbruker fra Meråker, Calle Höglund hovedprosjektleder og Aril Røttum seterbruker og fagkonsulent fra Midtre Gauldal.

## **Homlongsætra i Geiranger**

*AV ARE HOMLONG*

Organisasjonen Storfjordens Venner vart skipa i 1975. I snart 30 år har organisasjonen arbeidd med kulturvern langs Storfjorden frå Tafjord og Geiranger innerst i fjordbotnen til Furstranda som ligg i Sykkylven kommune.

I år har organisasjonen fullført vøling av Homlongsætra. Denne sætra ligg midtvegs mellom garden Homlong i Geiranger og Skageflå på vestsida av Geirangerfjorden. Stien ( råsa ) frå Homlong til sætra er utbetra, og ei rekke kulturminner langs stien er restaurert og merka med skilt ( alfuru ). Av kulturminner som er vølt og merka kan nemnast vatningsanlegg, løypestrengar, vårfjøs, kvileplassar, brunnhus og utløe. Ei utløe står inn under ein hammar og berget fungerar som tak på løa.

På garden Homlong, der stien tek til, er det sett opp ei mindre tavle med informasjon om kulturminna langs stien. Her som så mange andre stader vart naturen nytta maksimalt for å skaffe føde til folk og dyr. Ved å dvele litt ved dei ulike kulturminna kan ein få eit godt bilet av kvardagen på ein fjordgard som Homlong.

Tidleg på våren beita dyra nede ved sjøen. Litt seinare på våren vart dyra jaga oppom bøagarden, og før dei drog på sætra

beita kyrne i Kvia om lag midtvegs mellom Homlong og sætra. Midtsommars var alle dyra på Skagedalssætra. Skagedalssætra ligg ein times gange frå Homlongsætra. På ettersommaren/hausten flytta dei så trinnvis tilbake til garden. Storfjordens Venner har fått rydda kratt og skog langs råsa, slik at turgårar får godt utsyn til Geirangerfjorden og austover til Geirangerdalen.

Storfjordens Venner har fått tilslagn om midler frå Norsk Kulturarv til vøling av

taket på ein fjøs på Skagedalssætra. Dette arbeidet vil bli gjort til sommaren. Vidare har ein søkt om midler til rydding av råsa frå Skageflå til Nedstesætra. Nedstesætra var vår/haustsæter til gardane på Skageflå. Arbeidet vil bli utført til våren. Skageflå hadde sommarsætra si lengere oppe i Skagedalen.

- Dette området ligg innanfor Landskapsvernombretet Geiranger-Herdalen. Som kjent er det søkt om verdsarvstatus også for dette fjordlandskapet..



# Vellykket Interreg-setertreff i Sør-Trøndelag

AV JOHAN SANDBERG

Stadig flere ser på muligheten til å benytte setra til noe mer enn tradisjonell mjølkeproduksjon. Satsing innen turisme er en mulighet, men er samtidig også en utfordring. Med dette som bakteppe ble det nylig arrangert setertreff på Berkåk i Rennebu. Et førtitall seterinteresserte møtte opp. De mest langvegsfarende hadde kjørt fra Klövsjö i Jämtland, en strekning på nærmere 35 mil. Treffet er et ledd i Interreg-prosjektet Grans-los seter – Fåbodriket.

## EKTE OPPLEVELSER

Reiselivsbransjen er i en rivende utvikling for tida. Et av trekkene en kan se er at turister i stadig større grad vil oppleve noe som er ekte og at de vil være med på å gjøre noe sjøl. Magne Idar Evenås, som i mange år har arbeidet for Røros Reiselivslag, gjorde rede for utviklinga reiselivsnæringa er inne i. Det er ikke de urbane livsstilmenneskene som er målgruppen for seterturismen. De mest typiske seterturistene er godt voksne folk over 45 år. Dette er en meget kjøpsterk gruppe. Ikke sjeldent er disse turistene besteforeldre som vil vise sine barnebarn hvordan de sjøl hadde det i sin barndom. I aldersgruppen 30 – 50 år er det også mange potensielle seterturister. I denne gruppen er det mange som er interessert i å delta i aktiviteter og utforske ”nye” ting. God økonomi er også et kjennetegn for denne gruppen.

## IKKE MASSETURISME

Seterturismen bør trolig aldri bli noen form for masseturisme. Det genuine med seterkulturen vil da kunne gå tapt. Helheten, det vil si kulturlandskapet, seterhusa, dyra, arbeidsformene og maten er et unikt produkt i reiselivssammenheng og er i seg sjøl nokså intimt. Samtidig må en være bevisst på at kvaliteten i produktet er like god i alle ledd. Evenås avsluttet med å oppfordre seterbrukerne til å ta kontakt med lokalt turistkontor

for å utvikle gode tilbud for turister.

”Når føler du deg godt mottatt?” Dette spørsmålet stilte Marit Lian i starten av sitt innlegg. Lian, som er fra Hemne i Sør-Trøndelag, har gjennom egen virksomhet mange års erfaring med å behandle turister som kunder. Hun understreket viktigheten av å følge opp gjestene hele

tida mens de er på besøk. Mottoet har vært at hun skal ”gi mennesker det de er i stand til å motta.” Det er viktig å komme kundene i forkjøpet og forutse hva de ønsker. Samtidig er det å gi det lille ekstra svært lurt. Å spørre ungene hva de skal ha, er noe som foreldre liker. Lian mener at humor er det beste virkemiddelet i en kommunikasjonsprosess og at service er et godt konkurransefortrinn. Har en denne innstillingen vil en komme langt, avsluttet Lian.

## SAMARBEID OG ”SETER-KSL”

Klövsjö i Jämtland er i dag et av de områdene med størst koncentrasjon av seter i Sverige. I Sverige har en i mange år drevet med seterturisme. Etter flere års spredt seterturisme gikk åtte seterbrukere sammen om en felles løsning. Samarbeidet har resultert i en slags turnusordning for å åpne setervollene. Minst en setervoll er åpen hver dag i uka unntatt fredag og lørdag. Anna Svensson som er en av de samarbeidende seterbrukerne har mye positivt å si om ordninga. Hver setervoll vil gjennom dette samarbeidet ha åpent mellom seks og ti dager i løpet av somtermånedene. De åtte samarbeidende vollene har en felles brosjyre, og har ellers et godt samarbeide med lokalt turistbyrå og hoteller i området. Setrene som er med i samarbeidet tar besøksavgift for alle besökende. De besökende blir da med på den aktiviteten som foregår



Anna Svensson (midten) fra Klövsjö i Jämtland viser fram brosjyren som åtte seterbrukere har gått sammen om å lage til Ragnhild Grendal, seterbruker fra Rennebu og Magne Idar Evenås, som representerer Røros Reiselivslag.

nettopp den dagen. En dag kan det være koking av ost, en annen dag kan det være slått på vollen. Ingen av de samarbeidende setrene har like opplegg, alle har sine egne spesialiteter. Samarbeidet innebærer også at de åtte har en slags vikartjeneste for hverandre.

Alle som er med i setersamarbeidet i Klövsjö har gått guidekurs, noe som de betrakter som svært nyttig. Å formidle det spesielle med seterkulturen er viktig. Det er også utviklet et eget kvalitetssikringssystem for seterbrukere, en ”seter-KSL”. Dette har vært nyttig å vise til når en har vært i kontakt med eksterne instanser enten de har vært offentlig eller private.

Setertreffet var en del av prosjektet Grenselos seter – Fåbodriket i Nordens Grønne Belte, som har som målsetting å formidle og levendegjøre verdiene i seterbruket. Som en del av dette vil en utveksle erfaringer og skape nettverk mellom seterbrukerne i de to landene. Treffet i Rennebu viste at en har mange felles trekk.



Fra Johankölens fåbod i Klövsjö i Jämtland en av de samarbeidende setre. Bildet er tatt i forbindelse med en studietur som trønderske seterbrukere gjorde tidligere i år

# Kjempegodt nøgde med Grønt Spatak 2004

Grønt Spa'tak vart starta i 1993 av Natur og Ungdom og Norges Bonde- og Småbrukarlag, og sidan starten har mange hundre ungdommar hatt arbeidsferie på setre, gardar og beitetilsyn over heile landet. Føremålet med prosjektet er no, som før, å bevisst gjere ungdom om dei verdiene som ligg i jordbrukskulturen og kvifor vi bør produsere mat i Noreg, å styrke samarbeidet mellom miljøvernalar og jordbruksnæringa, og å gje deltakarane eit høve til å gjere ein konkret innsats for miljøet.

## FLEIRE DELTAKARAR

Dei seinare åra har i underkant av 50 ungdommar delteke på Grønt Spa'tak. I år har heile 80 ungdommar vore utplasserte i sommarfjellet, og det er det høgste deltakartalet nokon gong.

– Eitt av måla med årets prosjekt var å auke deltakartalet, men vi hadde ikkje trudd at det skulle bli så mange som ville vere med. Det er tydeleg at ein har klart å gjere Grønt Spa'tak til eit attraktivt arrangement som deltakarane er glade for å vere med på. Mange seier at dei har vener som har vore med tidlegare, og som har anbefalt dei å bli med på Grønt Spa'tak, seier Tveit, som også har vore koordinator for prosjektet i år.



Vi har hatt ein fantastisk Grønt Spa'tak-sommar, og vi håpar på å komme tilbake til neste år, seier (frå venstre) Stine Kamilla Lerkerød og Solveig Mysen fra Natur og Ungdom.

## Gjennomgang av vedtekten

På siste årsmøtet ble det vedtatt å gjennomgå vedtekten, og styret har valgt Ragnhild Grendal, Pål Aukrust, Reidun Skånsar og Marit Hoel til å gjøre dette. Arbeidet skal være ferdig til årsskiftet, for videre behandling i styret og årsmøtet 2005.

Samtidig som ein har hatt eit rekordstort deltakartal, har ein klart å behalde kvaliteten på prosjektet. Det viser seg gjennom tilbakemeldingane som arrangørane har fått frå både deltakarane og vertskapa. – Tilbakemeldingane vi har fått frå ungdomane som har vore med er veldig positive. På evalueringa vi har hatt har dei fleste vore vel nøgd med informasjonen og måten alt det praktiske har fungert på, samtidig som dei seier at dei har lært veldig mykje nyttig. Men området som scorar aller høgast, er måten deltakarane føler at dei vart tatt imot av vertskapa sine. Det viser at vi har med oss utruleg mange dyktige og engasjerte vertskap til deltakarane våre, og vi vil sende ein stor takk til alle dei som har vore med på å gjere årets Grønt Spa'tak til ein suksess. Tilbakemeldingane frå setrene, gardane og beitelaga som har vore med er også gode, og mange vil vere med til neste år.

## TO AV DELTAKARANE

på sommarens Grønt Spa'tak er Solveig Mysen fra Sarpsborg og Stine Kamilla Lerkerød fra Fredrikstad. Begge er 17 år, og har vore utplasserte hos Ingrid Arneng på Skjelsstolen i Valdres. I løpet av 10 solfylte sommardagar fekk dei med seg mange gode opplevingar frå stølen. – Grønt Spa'tak er den beste sommerjobben eg nokon gong har hatt! Vi hadde det utruleg bra på setra hos Ingrid, og å delta på Grønt Spa'tak har faktisk fått meg til å ha lyst til å bli bonde. Det er kanskje vanskeleg å gjere eit slikt yrkesval allereie no, men eg skal i alle fall vere med på Grønt Spa'tak til neste sommar også, seier den unge miljøvernaren.

Vertskapet til Østfold-jentene, Ingrid Arneng, har sjølv vore med på Grønt Spa'tak i fleire somrar, og er godt nøgd med å ta imot miljøundomane: – I Natur og Ungdom er det mange flotte folk som ei gammal budeie kan trivast med. Vi diskuterer og utvekslar synspunkt og erfaringar, og på den måten fungerer Grønt Spa'tak som ein glimrande alliansebyggjar og bindeledd mellom generasjonane. Mange fleire bønder og seterbrukarar burde vere med som vertskap på Grønt Spa'tak, seier Valdres-budeia.

Nettverket til Norsk seterkultur er viktig. Planleggjinga av neste års Grønt Spa'tak er allereie i gang, og arrangørane har klare



I NU er det mange flotte folk som ei gammel budeie kan trives med, og vi har hatt en kjempehyggelig sommer på setra i år, sier Ingrid Arneng på Skjelsstolen.

planar om å halde fram med utviklinga av prosjektet. – Vi håpar på at vi skal kunne få endå fleire deltakarar til neste år. Då treng vi fleire som kan vere vertskap for ungdomane. Vi er veldig glade for å ha fått bruke nettverket til Norsk Seterkultur til å kontakte potensielle setre og gardar, og vi håpar på å få endå meir hjelpe til det framover. Alle som er interesserte i dette kan kontakte Natur og Ungdom for å få meir informasjon, seier Tveit, som også håpar på at Grønt Spa'tak kan få politisk betydning til neste år.

## ALLIANSAR VIKTIG FOR LANDBRUKET SI FRAMTIID

2005 kjem til å bli eit viktig og interessant år for alle som er opptekne av framtida til jordbrukskulturen. I desember skal det vere ministermøte i Verdas Handelsorganisasjon (WTO), og utfallet av forhandlingane der kan bli avgjerande for måten jordbrukskulturen skal sjå ut i framtida. – Meir enn nokon gong før er det viktig å ha ein brei og god allians for å forsvare retten til å produsere mat over heile verda, også i Norge. Difor vil vi prøve å knyte neste års Grønt Spa'tak opp mot WTO og internasjonale spørsmål. Desse planane er ikkje blitt meir konkretiserte ennå, men vi håpar at vi gjennom Grønt Spa'tak kan vere med på å setje dagsorden og krevje at dei norske forhandlarane tek ansvar for å fremje ein jordbruksavtale som tek omsyn til menneske og miljø. Til det treng vi endå fleire engasjerte bønder og seterbrukarar, og vi håpar at mange vil bli med på det arbeidet, avsluttar Tveit.

## Høring om kvoteordninga for mjølk

Staten vil prioritere økt handlingsrom for eksisterende geitmjølkprodusenter framfor å åpne for nyetableringer. I siste jordbruksoppgjøret gikk partene inn for at "det tas sikte på å vurdere om det er formålstjenlig å åpne for nyetablering på gitte vilkår innenfor satningsområdet fram mot fastsettning av kvoteregelverk for 2005." I et notat går Statens landbruksforvaltning i mot nyetableringer, og departementet har sluttet seg til dette. Notatet sammen med forslaget om endringer i forskrift om kvoteordninga for mjølk er sendt ut på høring, med frist 13.12. – med tanke på å få forskrifter fastsatt tidsnok til å gjøres gjeldende fra 1. januar. Høringa omfatter tema som klart har konsekvenser for seterdrifta og kulturlandskapet. Mange spør om det er riktig å hindre nyetablering av geitmjølkproduksjon.

# Opprop om fjellpolitikk

Mange har sikkert lagt merke til et opprop om forvaltning av verneområder, der ei rekke organisasjoner innen landbruk, naturvern og friluftsliv m.m.– inkludert Norsk seterkultur – har stilt seg bak et initiativ overfor myndhetene. (Se s. 11.)

## Hva er bakgrunnen for dette oppropet?

Norges Bondelag har vært sentral i dette tiltaket, og Cesilie Aurbakken i Bondelaget forteller at utgangspunktet for utsprillet er lang erfaring med verneplaner og mangel på ressurser til å forvalte og tilrettelegge områdene for lokal verdiskaping. – Vi kan gjerne si at vi har en politikk for oppretting av verneområder, men mangler en helhetlig politikk for hvordan disse områdene skal forvaltes og skjøttes i årene framover, og hvordan man i praksis skal kunne realisere de mulighetene for lokal verdiskaping som det innebefatter å ha et verneområde i bakgården, sier Aurbakken. Våren 2003 la Regjeringen fram den såkalte ”fjellteksten” (revidert nasjonalbudsjett for 2003). Budskapet her var blant annet at nasjonalparker og andre verneområder skulle være en ressurs for utviklingen av det lokale reiselivet og at forvaltningsplanene skulle være et helt sentralt verktøy. Fine ord men så langt lite handling.

## Overlevert politikerne

Det var for å sette fokus på temaet og få et samlet ”trøkk” inn mot politikere og myndigheter at ideen kom om et felles opprop, sier Cesilie Aurbakken. Norges Bondelag og Norges naturvernforbund samarbeidet om teksten og inviterte alle aktuelle organisasjoner til å delta – og det ble skikkeleg bredde i oppslutningen. Oppropet ble overlevert energi- og miljøkomiteen på Stortinget i forbindelse med behandlingen av Statsbudsjettet for 2005. Oppropet har også vært gjenstand for Stortingets spørretime hvor Miljøvernminister Hareide ble utfordret på temaet. I tillegg har den vært omtalt i aviser og i radio.

## Noen konkrete resultat så langt?

Det er ennå for tidlig å si hva som blir det konkrete resultatet av oppropet. 2 desember legger energi- og miljøkomiteen fram sin innstilling til Stortinget. Det vil forundre meg om politikerne ikke lytter til budskapet og gir noen signaler på hvordan og med hvilke midler verneområdene skal forvaltes i framtida. Vi får krysse fingrene så lenge...og takker alle organisasjonene som har stilt seg bak, sier Aurbakken.

# Der ingen skulle tru at nokon kunne bu ... *meir seteridyll på TV*



Så skulle seterkulturen nok ein gong samle folk framfor TV-skjermene. 7-800.000 truleg, såg programmet fra Eikemo, ei veglaus gränd ved Åkrafjorden i Sunnhordland. Det vil seie, eit par kilometer sjøbygd og svингut veg er det – frå fjorden og opp til setra, bilane tel visst eit tjuetal ...uregistrerte, og ikkje alle i køyrbar stand. – Grenda har seks fastbuande. Dei tre driftige geitebøndene må frakte mjølka ned til fjorden, vidare med båt – til Tine-bilen på hi sida. Vinters dag krev vegen ned til fjorden traktor med piggkjøtting på alle fire og godt fastjorda mjølketank! Og jamvel hender det at is på fjorden hindrar overfarten – så mjølk diverre må slåast ut. Om sommaren er dei vel 200 mjølkegeitene på setra, der det er bygd fellesfjøs – i eit seterlandschap med bygningar heilt attende til 1500-talet. Oddgeir Bruaset gjorde eit visst nummer av at dei tre gardbrukarane er ugifte, men det kan vel fort endra seg etter slikt eit program!? – God respons på programmet har det i allefall vore, fortel

Nils Kjetil Eikemo, telefonen heldt ikkje stilt før etter midnatt.

## OVER 400 PÅ SETERHELG!

Nils Kjetil kan elles fortelje om over 400 gjestar på seterhelga deira sist sommar! Gamaldans med m.a. noregsmester på torader blant mange dyktige musikarar, og Åkrafjordmeisterskap i mjølkespannkast sto på programmet. Og menyen var også av ypperste slag, grilla kjekjøt og heimelaga rjomegraut. Og siste helga i juli neste år er det duka for ny storhelg. Førebuinga er alt godt i gang – og sidan det er fem-årsjubileum for seterhelga, blir nok programmet likare enn nokon gong! Nils Kjetil Eikemo fortel at mykje folk finn vegen både til grenda og setra om sommaren. Geitene og seterdrifta er sjølv sagt ein attraksjon, men området byr også på flotte skiturar om vinteren. Det er seterhus til utelege på Eikemostølen – og det er tankar om seter-kafé.

## Hvis landbruket ...

velger å satse på markedsføring av felles-goder som miljøvennlig produksjon, høyt biologisk mangfold, ivaretakelse av landskap og kultur, dyrevelferd og annet, må det også produsere nettopp dette. Dette vil kreve en landbrukspolitikk som ivaretar kulturlandskapets verdier over hele landet, samt en tilpasning hos en del brukere som ikke er bevisst dette ansvaret. Dagens landbruksstøtte er dessverre i hovedsak innrettet mot økende grad av standardisering, og forfall av nettopp et helhetlig og variert kulturlandskap.

Det vil neppe være ønskelig at alle bønder kun produserer sine egne lokalt forelede, merkebeskytta nisjeprodukter eller driver gårdfjordsturisme. For å sikre samfunnet matvaresikkerhet, billig mat, effektiv arealutnyttelse m.m. bør produksjon av standardprodukter foregå parallelt. Begge produksjonsmåter og mål er viktige, og begge er fullt gjennomførbare samtidig.

Det finnes virkemidler og politikk til begge retninger. Omfanget av virkemidler er imidlertid meget skeiwt fordelt i favør av standardprodukter.

## Nedlegginga av gårdsbruk må stoppes

før forfallet av verdier er gått for langt. Et helhetlig kulturlandskap kan ikke ivaretas uten bønder. Grunnlaget for gårdsdrift må styrkes om helheten av verdier skal overleve i fremtiden.

Dersom verdiene skal ivaretas i et forsvarlig omfang, trengs også en grunnleggende omlegging av støtteordninger fra fokus på produksjon av private godter til fokus på produksjon av fellesgodter. Vår felles jobb framover blir å gjøre folk oppmerksomme på verdiene i kulturlandskapet, samt bevisste på resultatene av deres daglige valg.

**Frå artikkel av Anders Bryn,  
NIJOS, i Bondebladet.**

## **Frå ruin til praktanlegg**

# **Spellmovollen - seterdrift og turisme i verna landskap**



”Om myndigheitene meiner noko med nasjonalpark og landskapsvernområde, må det gjevest økonomiske vilkår for å drive setring. Seterdrifta og kulturlandskapet som setringa skaper er eit nasjonalt utstillingssvindu, og da må det også vera eit nasjonalt ansvar å gjera det lønsomt”, seier Inge Eggen i Os i Østerdalen. - Oddveig og Inge Eggen har teke opp att seterdrifta på Spellmovollen i Såttåhaugen inst i Vangrøftdalen, ved innfallsparten til Forollhogna nasjonalpark.

I 1990 var setra ikkje anna enn ei ruin, mange meinte det var rettast å rive alt i hop. Men slik tenkte ikkje Oddveig og Inge. Dei fekk ein kjempejobb, tok vare på mest muleg av det opprinnelege og sette det i stand slik det ein gong var. Og resultatet vart svært bra! I 1992 fekk dei Fortidsminneforeningen sin pris for restaureringa, og snart vart det kyr og drift att på setra! I utgangspunktet tenkte vi ikkje tradisjonell drift på setra, men snart vart det uråd å tenkje seg husa utan dyr, seier Inge – som legg til at det først og fremst er Oddveig som står for seterdrifta, som også omfattar turisme. Innsatsen til Oddveig og Inge har vorte lagt merke til, i 2003 fekk dei Norges Vel sin seterpris.

### **OMFATTANDE DRIFT**

Drifta på garden Spellmoen, som dei tok over i 1970, omfattar om lag 25 årskyr, fullt påsett for kjøtproduksjon, 280 dekar innmark. Det meste av slåtten går i silo, men litt høy må til å kalvane. Setra ligg to og ei halv mil frå garden, opp mot skoggrensa i 870 meters høgde over havet. Kyrne og småkalvane får nyte seterlivet, medan dei øvrige dyra nyter sommaren på kulturbete ved garden.

Sesongen på setra varar frå om lag 1. juli til 1. september. Stordelen av mørka går til meieriet, men ein del går også til eiga føredling. Såleis blir gjestane servert rømme og skjørost, brunost, vafler, spekemat og flatbrød o.a. av setra og garden sine produkt. Oddveig ystar ein dag i veka, og gjestane som bur på setra får høve til å vera med på både fjøsstell og ysting. Koparkjel, omn og osteformer har kome til nytte att, og når det blir ysta av 120 liter går heile dagen med før osten er ferdig. Oddveig legg vekt på å for-

midle kunnskap om mjølkforedling og halde tradisjonane ved like, og dette veit gjestane å sette pris på – dei kjem att år etter år.

### **TURISME MED TRADISJONAR**

Det vart bygd turisthytte på Spellmovollen alt i 1880-åra. Den tida var det først og fremst fuglejakt som trekte turistane dit, reinen har kome seinare. Ei ny hytte vart bygd på 1930-talet, og den vart restaurert saman med dei øvrige husa i løpet 1990-åra. Såleis har dei no 11-12 sengeplassar.

Spellmovollen byr på opphold i gamle, tradisjonsrike hus, med komfort som badstu, utedo med panoramautsikt og badekar i kulpene tett attmed! Fjøset får straum frå eit aggregat, medan innhusa er utan straum. Seterdrifta, med dyr og føredling er sjølsagt den store attraksjonen, men også i jakttida blir det mange utleigedøgn

– totalt kring 200 i løpet av sesongen.

Oddveig og Inge fortel at slik form for seterdrift handlar mykje om at ein må by på seg sjøl, ein må like folk – og ha lyst til å dele med andre dei verdiane ein sjøl sett høgt. Vi er glade i setra, og vi ønsker at gjestane skal bli like glade i plassen. – Det er inga gullgruve å drive seteturisme, seier Oddveig og Inge, men vi møter mykje trivelege folk og likar oss som vertskap.

### **VERN OG UTFORDRINGER**

Spellmovollen ligg i Vangrøftdalen og Tjurudalen landsskapsvernområde, berre nokre

hundre meter frå grensa til nasjonalparken. Dette byr på ein del utfordringar. Auka trafikk til nasjonalparken er eit visst problem, det blir mykje biltrafikk tett inn på setra – for parkeringsplassen ligg innafor. Inge hadde gjerne sett ei anna løsing på dette, og etterlyser eit forvaltningsopplegg som både tek vare på tradisjonell næringsutøving og som styrer trafikken slik at det ikkje skader dei kvalitetane vernet er til for.



”- ein må by på seg sjøl, ein må like folk – og ha lyst til å dele med andre dei verdiane ein sjøl set høgt.”



# Flinke og snille dyr og foredling av ei flott råvare er grunnlaget for seterdrifta



Skånsarsetra i Meadalen i Lom.

Ei lita pause ein laurdagsefta i oktober 2004 - for å:

- sjå innom eit gardsysteri,
- fjøset til kyrne, kvigene og kalvane – der Mimoline er sjef og bjølleku,
- svippe innom saufjøset – som var tomt da, men vi helsa på sauene ute, med sjef og bjølleskjedde Bjarta i spissen,
- samlast rundt langbordet inne og ein 14 månader gammal seterost – med blømande skorpe – for ei enkel matstund og ein prat om alt!

Slik vart det utvida styremøtet i Norsk seterkultur avslutta med at dei fleste møtedeltakarane dro på gardsbesøk.

Garden heiter Skånsar og ligg i Lom. Her driv Reidun Skånsar og Odd Rustad som heiltidsbønder – med vel 100 dekar dyrka mark heime og på setra, rikeleg utmark, noko skog – og ku og sau i fjøset. "Synfaringa" i det gamle, men svært velstelte fjøset får oss til å minnast utsegna til "fruen frå Øvre Singsaker" da ho kom i nærbondskap med ei ku: "den er jo som semsket -!" Og sauene har det nok ikkje därlegare i sitt lune, tømra fjøs! Innmarka er brukt til grasproduksjon, men au litt potet og grønsaker. Særleg dyrking av bygg har lange tradisjonar i Ottadalalen, og til 1992 vart det au dyrka korn på Skånsar. No er det fleire ting som talar for å starte opp att med det, seier Reidun og Odd.

Skånsarsetra ligg i Meadalen, 900 m.o.h., ein grøderik seterdal med eit 20-tal setrar. Det er stor aktivitet i dalen, med dyrking og hausting av for, og dalen gjev hamn åt mange feriekry og ungdyr attåt ein god del sau. Dei siste 20 åra er det to bruk som standhaftig har halde fram seterdrifta i dalen – med kyr på utmarksbeite. Skånsar har au ei høgfellsseter, i Solell, men denne har ikkje vore i bruk sidan 1920-åra. Setra i Meadalen er altså heimsetra, og den har garden Skånsar bruka ihopatt i tre generasjoner, sidan 1929. Den gamle seterbua er vel 200 år, elles er det hus frå ulike tidspunkt. Fjøset fekk påbygg for ungdyr, mjølkbu og lager på 1980- og 90-talet – og i 1987 fekk setra straum. Det kom bilveg inn i denne seterdalen alt kring 1940.

Setertida strekkjer seg frå månadsskiftet juni/juli

## Meadalen

Seterdrift og beitebruk har sett sterkt preg på området, men det er au andre innslag å nemne:

- det går kulturstig gjennom området. Denne startar og endar ned i Lom sentrum, eller Fossbergom som det helst blir sagt,
- Soleggen Fjellstugu, der Steinerskulen har leirskule, ligg i dette området,
- området er eit eldorado for jakt- og fiske, så vel som for botanikarar og bærplukkarar,
- Nordstrondvassvegen renn der, frå utspring i vasskjelder i sør-vest, kryssar Meadalen og blir ført over høa i nord-aust, for å gje vatn åt fleire gardar ned i bygda. Gamal "ingeniørkunst"!

til sist i september. Kring 10. september er det slutt på dei gode utmarksbeita, da slepp kyrne inn på ei bratt beitekve ei veks tid, for sidan å få koma innpå sjølve seterkvea – der det er kome opp att friskt, grønt gras etter slåtten i juli.

Reidun og Odd fortel at Meadalen har godt klima og allsidig vegetasjon – turre lyngrabbbar, rike myrdrag, saftig gras i bjørkeliene og gild barskog. Høga over havet er frå rundt 600 til vel 900 meter. – Kyrne blir køyrt til setra, det er ikkje så enkelt å gå etter bilvegen – om lag 9 km. Men heimatt går dei med buskapen – og å kunne halde fram med det er viktig! - Sauene beiter au i høene kring setra. Dei blir berre slept utom hafella våren, går opp frå garden sjølve, over høa og ned i seterdalen frå andre sida. Hausten kjem dei nedatt til garden sjølve, følgjer den gamle ferdelsåra som det tek 1-2 timer å gå.

Sist sommar talde buskapen 15 kyr, fire kviger og fire kalvar – flinke og snille dyr, som kjem heimatt mette og nøgde frå beite i utmarka til praktiske tider om eftan. Dette er viktig for at vi held fram med seterdrifta, understrekar Reidun. Dyra er inne om natta, der får dei rundball eller høy frå seterkvea, pluss lite grann kraftfor – og salt sjølvsagt. Setermjølka er ei spesielt flott råvare, som vi no kan ta hand om og lage ekstra gode produkt, som ein kan få rett pris for, seier Reidun. Og foredlinga skal skje i det nybygde ysteriet nede på garden. Køyreturen mellom setra og garden tek ikkje meir enn eit kvarter med bil, slik er det praktisk å køre setermjølka ned til gardsysteriet. Og foredlinga kan såleis føregå heile året.

Odd viser oss ysteriet, basert på to ihopbygde brakker, fint ordna både utvendig og inni, mykje heimelaga og brukt innreiling. Brukarane på Skånsar legg vekt på moderate investeringar, utbygginga er eit langsiktig arbeid, små steg for å skapa noko varig!

Meadalen er eit viktig område for primærnæringane – og omvendt. Dette gjer også sitt til at bygdafolket og tilreisande kan nyte godt av godene dette området har å by på – lett tilgjengeleg både sommar og vinter, godt eigna til fritidssyssel og rekreasjon, avsluttar dei engasjerte brukarane på Skånsar.



Utsikt utover tunet i novemberlys. Gardsysteriet framst med ljós i vindauge.



## Kveld på Beitostølen

frå boka Songar frå fjell av Olav Rudi

*Det kveldar vent over Beitostøl,  
å fagre kveld  
Sjå sola sig attom Jotunfjell  
i gull og eld.  
Og Mugnatinden i kveldsol gløder  
og snösengfonna i solbrann bløder  
- det skim og skjely i bre og elv.*

*Det rautar krøter frå Rundekinn  
og Bameli*

*Ei jente lokkar med fagert mål:  
- Kom Blomros mi!  
- Kom geit og kalvar, kom mine kyr,  
det kveldar alt over haug og myra,  
kom Fagros, kom Kveldros mi!*

*Ho gamle Marit på hella sit,  
ho syng og bitt.*

*Ho ser så langt over blåe fjell,  
så vent og vidt.*

*Ho syng sin salme mot vidd og vangar  
der brisk og vier og fjellblom angar,  
i kveldstill fred når sol går ned.*

*Men inn på trøa med brek og raut  
kjem geit og kyr:*

*Dei sleikjer busalt av hand og fat  
dei mette dyr.*

*Og kjea leikar og sprett og hoppar,  
og Kari mjølkar i spann og koppar,  
ho syng så glad sitt ungdomskvad.*

*Sjå skuggar legg seg kring Kjednhaug  
og Høvdamyr.*


*Det blånar mjukt over Slettefjell  
som eventyr.*

*Det gufsar nattsvalt frå lange leiter,  
ein hesteflokk sør på Feten beiter,  
kring støl og kve sig natta ned.*


*Den siste solglim er sløkt på nut  
og nattgrå sky:*

*Det tonar vedkjømt frå Jotunfjell  
og Valdresfly:*

*Og Javnin langt sør-i natta blunkar,  
ei bjølle nattvart frå Skjenhaug klunkar  
ein rypeskratt – god natt, god natt!*



*- Ti hestar i sæterkvea er betre enn ein på taket!, seier Kari Garmager, budeie i Setalsjålia i Folldal – Oppdal. P.S. Det gjekk bra!*



## Seterbrukaren og heimesida

www.seterkultur.no er opne for spreiling av informasjon om det som skjer rundt om i seterlandet. NSK har ikkje ressursar til å fange opp alt som skjer, det trengst hjelp. For å gjera bladet og heimesida betre, treng vi "korrespondantar" som sender oss stoff (også i form av avisutklipp), bilete, tips om saker å følgje opp o.s.b.

## **2005 -jubileumsår og friluftsår**

Landbruks- og matdepartementet står bak to storstilte satsingar i samband med hundreårsjubileet for unionsoppløysinga: "Mat og kulturlandskap" og "Streif 2005". Vi har sett på foreløpige opplegg for Streif 2005 i ein del av fylka, og konstaterer at også seterdrifta og seterkulturen er med. Styret i Norsk seterkultur har drøfta kva NSK kan gjera for å profilere seterdrifta, og ein arbeider med nokre konkrete tiltak – også "eigne" arrangement. Framleis er det mest idear, så det er viktig at folk rundt om i fylka engasjerer seg i dette. Og kom gjerne med ønske og idear om Norsk seterkultur kan gjera! NSK tek i allefall sikte på å utarbeide ein del materiell, som også kan brukast på lokale arrangement. At 2005 også er **Friluftslivets år** gjer det ikkje mindre aktuelt å markere stølsdrifta. I samband med det siste kan vi også nemne at det er teke nytt initiativ – frå DNT og Frifo - for å vidareføre samarbeidet frå fjellåret 2002, da eit knippe organisasjonar og institusjonar med ansvar og engasjement i fjellforvaltning, friluftsliv og seterdrift arrangerte konferansen "Fjellenes kvinner".

## **Regional BU-strategi**

Det går føre seg eit omfattande arbeid i fylka med utforming av regionale BU-strategiar. Her skjer det mykje som er viktig for dei som driv setring, og vi nemner litt om bakgrunnen og sentrale føringer. Arbeidet vart starta opp ved brev frå Landbruks- og matdepartementet (LMD) datert 15. juli 2004, og vi siterer litt frå brevet:

"Landbruket står ovenfor betydelige utfordringer, blant annet knyttet til kostnadsnivå og økt konkurranse om markeder. Framover er det viktig at landbruksnæringen, i tillegg til å produsere mat og trevirke, bidrar til å skape livskraftige lokalsamfunn, levende kulturlandskap og natur- og miljøgoder. Det må også legges til rette for at ressursgrunnlaget på bygdene, i større grad enn hittil, kan utnyttes til ulik næringsutvikling og til bosetting uten direkte tilknytning til primærnæringene."

LMD skal som tidlegare fordele BU-midlane til fylka. For 2005 blir fordelinga gjort på historisk grunnlag, men seinare skal fylkesvise strategiar og aktivitet i vesentleg grad leggast til grunn. Fylkesmannen får frå 2005 BU-midlane i to postar: næringsutvikling og utvikling av mjølk- og storfekjøproduksjon. Departementet har sett som føresetnad at andelen som går til bedriftsretta tiltak ikkje skal reduserast i høve til i dag.

I St.prp.nr. 66 (2003-2004) Om jordbruksoppgeret 2004 er det gjort fleire endringer i forvaltning og tildeling av fylkesvise BU-midlar, og vi nemner litt av dette:

- Verkemidlane skal vere utforma og praktisert slik at søkerar med svak eigenkapital og stort investeringsbehov skal gjevast høve til å gjennomføre utviklingsprosjekt.
- Kvart enkelt prosjekt skal vurderast ut fra reelt investeringsbehov, lønsemd og marknadspotensial.
- Skiljet mellom tradisjonelt landbruk og utviklingstiltak blir fjerna, med unnatak for mjølk og storfekjøtt.
- Det blir oppretta eit eige program for modernisering og omstilling innan mjølk - og storfesektoren. Den samla potten til denne ordninga er for 2005 85 millioner kr.
- Maksimal tilskotsprosent for investeringar innan tradisjonelt landbruk og tilleggsnæringar er heva til 30. Maksimalt tak for tilskot går ut for alle ordningar.

## **Nasjonalparker og reiseliv: Fjellteksten må følges opp i praksis!**



Nasjonalparkene representerer noe av det ypperste av norsk natur, og vernet sikrer den nasjonale naturarven for framtidige generasjoner. Stortinget har gjennom sin tilslutning til regjeringens fjelltekst (St.prp. nr. 65 (2002-2003) gitt signal om økt satsing på miljøtilpasset turisme i verneområdene.

En forvaltning av verneområdene basert på fjelltekstens rammer kan gi berørte grunneiere og lokalsamfunnene muligheter for stedegen verdiskaping, i stedet for at vernet oppfattes som en barriere og tapte ressurser. Økt bruk tilsier at arbeidet med nye og oppdatering av eldre forvaltnings-

planer må forseres. Forvaltningsplanene må bygge på prinsippet om sonering, og klargjøre hvilke deler av verneområdene som er egnet til økonomisk utnyttelse. Per i dag mangler 16 av 23 nasjonalparker en forvaltningsplan. Siden fjellteksten ble vedtatt i juni 2003 har over 20 større verneområder blitt opprettet eller vært på høring.

1. Både gjennom høstens statsbudsjett og Regjeringens øvrige arbeid må nasjonalparkene nå prioriteres med forvaltningsplaner, en større praktisk forvaltningsinnsats og konkrete avklaringer av mulighetene for lokal næringsutvikling.

2. Offentlig miljøforvaltning må tilføres betydelig mer midler for å utarbeide forvaltningsplaner for de eksisterende nasjonalparkene og gjennomføre de oppgavene som forvaltningsplanene tilsier. Dette er nødvendig for å sikre at vernekvalitetene ivaretas og at de kommer flere til gode.

3. Økonomiske og juridiske virkemidler må tas i bruk for at næringmessig utvikling av nasjonalparkene først og fremst kommer de berørte grunneiere og lokalsamfunnene til gode, slik at de ikke kun blir råvareleverandører for turoperatører utenfra.

4. Gjennom et statlig fond eller andre økonomiske virkemidler må grunneierne og lokalsamfunnene gis muligheter til kompetanseheving og den spesielle tilpassing av næringsutvikling som kreves i tilknytning til nasjonalparkene.

5. Det må drives mer informasjon om natur- og kulturverdier i parkene og opplevelsesmuligheter i dem.

### **Bli med i**



### **Medlemkontingent 2005**

Aktiv seterbrukar	kr. 300,-
Støttmedlem/abonnement på	
Seterbrukaren	kr. 200,-
Organisasjon/institusjon	kr. 500,-

### **Ja, eg vil bli medlem**

- Aktiv seterbrukar  
 Organisasjon/institusjon  
 Støttmedlem/tinging  
av Seterbrukaren

Namn: .....

Adresse: .....

Telefon: .....

Registrere deg som medlem på våre heimesider: [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)

**NORSK SETERKULTUR**  
6214 NORDDAL

Tlf.: 70 25 91 77  
Fax: 70 25 91 57  
E-post: [seter@seterkultur.no](mailto:seter@seterkultur.no)  
Bankgiro: 2367 20 51 169



Den Norske Turistforening formidler naturopplevelser for livet. Derfor samarbeider vi med Norsk Seterkultur for aktiv stølsdrift i et levende kulturlandskap.



Mange av våre produkter har rot i stølkskuluren og vi støttar Norsk seterkultur i arbeidet for denne driftsforma

# Kjøp

## – Veiviseren –

Norsk Kulturarvs håndbok til de gode opplevelser.

Bestill på  
[www.kulturarv.no](http://www.kulturarv.no)



Norsk Kulturarv

### Kraftfôrvalg til beite er enkelt!

Kvaliteten og tilgangen på beitegraset er som regel best om våren og på forsommieren. Utøver sommeren er det vanskeligere å holde stabil kvalitet. Faktorer som beltestrykk og værforhold er da sentrale.

FORMEL BEITENØKKEL				
Ytelse	Sært godt beite	Middels godt beite	Ugodslis beite/utmørk	Lit beite
10 kg			1 kg FORMEL Fauer 20	2 kg FORMEL Fiber
15 kg			2 kg FORMEL Fauer 20	4 kg FORMEL Fiber
20 kg	1 kg FORMEL Fauer 10	3 kg FORMEL Fauer 20	5 kg FORMEL Fauer 20	6 kg FORMEL Fiber
25 kg	2 kg FORMEL Fauer 10	5 kg FORMEL Elite	7 kg FORMEL Fauer 20	8 kg FORMEL Fiber
30 kg	5 kg FORMEL Fiber	7 kg FORMEL Elite	9 kg FORMEL Fauer 20	10 kg FORMEL Fiber
35 kg	7 kg FORMEL Fiber	9 kg FORMEL Elite		

Dersom mjølkemengden går ned, vet du at det er på tide å vurdere mengde og type kraftfôr.



Okt lønnsomhet for bonden  
 Felleskjøpet  
[www.fk.no](http://www.fk.no)